



Framo Flatøy AS
Flatøyvegen 24
5918 Frekhaug

Saksbehandlar, innvalstelefon

Britt Solheim, 55572334.

Rapport frå inspeksjon ved Framo Flatøy AS 27.04.2023

Kontrollnummer: 2022.020.I.SFVL

Kontaktpersonar ved inspeksjonen

Frå verksemda:

Jeanett K. Flatøy
Jan Olav Farstad
John A. Hatland
Kirsten Kelly

Frå Statsforvaltaren i Vestland:

Anette Heggøy
Britt Solheim

Resultat frå inspeksjonen

Denne rapporten gjeld resultatet frå inspeksjon ved Framo Flatøy AS den 27.april 2023. Rapporten er å sjå på som endeleg dersom vi ikkje får tilbakemelding om faktiske feil innan to veker etter at rapporten er motteken.

Statsforvaltaren i Vestland avdekka 2 avvik og ga ingen merknadar under inspeksjonen.

Avvik:

- Verksemdas risikovurdering omfattar ikkje alle uønskete hendingar, relevante for ytre miljø
- Verksemda måler ikkje alle utslepp som går til sjø via oljeutskiljarar

Avvika er nærare omtalte frå side 4 og utover i rapporten. Oppfølginga etter inspeksjonen er nærare omtalt på side 4.

Med helsing

Sissel Storebø
seksjonsleiar

Britt Solheim
senioringeniør

Dokumentet er elektronisk godkjent

Kopi til: Alver kommune



1. Informasjon om den kontrollerte verksemda

Ansvarleg eining

Namn: Framo Flatøy AS	
Organisasjonsnr.: 974113414	Eigd av: 917957959
Bransjenr. (NACE-kode): 28.130 - Produksjon av pumper og kompressorer ellers	

Kontrollert eining

Namn: Framo Flatøy AS	Anleggsnr.: 4631.0155.01
Kommune: Alver	Fylke: Vestland
Anleggsaktivitet: Kjemisk/elektrolytisk overflatebehandling	
Løyve gitt: 24.02.2011	Sist endra: 28.01.2019

2. Bakgrunn for inspeksjonen

Inspeksjonen vart gjennomført for å kontrollere om gjeldande krav som er fastsette i eller med heimel i forureiningslova, vert overhaldne. Inspeksjonen er ein del av Statsforvaltaren sitt risikobaserte industritilsyn for i år.

Tilsynet vart gjennomført med heimel i forureiningslova § 48 og produktkontrollova § 8.

Inspeksjonstema

- Internkontroll
- Prosess og reinseutstyr
- Utslepp til luft
- Utslepp til vatn
- Grunnforureining
- Avfall
- Kjemikal
- Løyvet av 24.02.2011, endra 28.01.2019

Rapporten gjeld avvik og merknader som vart avdekka under inspeksjonen. Han gir ingen fullstendig tilstandsvurdering av miljøarbeidet eller miljøstatusen til verksemda.

Definisjonar

Avvik: Manglande etterleving av krav fastsette i eller med heimel i lov.

Merknad: Eit tilhøve som tilsynsetatane meiner det er naudsynt å peike på for å ivareta ytre miljø, men som ikkje er omfatta av definisjonen for avvik.

Andre tilhøve: Saker som kom fram under inspeksjonen og som det kan vere nyttig for verksemda og sakshandsamarar å kjenne til. Informasjon om verksemda og kommentarar til tema som vart tekne opp under inspeksjonen, men som ikkje vart klassifiserte som avvik eller merknader, kan også inngå her.



3. Oppfølging etter inspeksjonen

Framo Flatøy AS pliktar å rette opp avvika som er omtalte i denne rapporten så snart som råd.

For at Statsforvaltaren skal kunne avslutte saka, ber vi om at de innan 1. oktober 2023 sender ei skriftleg utgreiing som dokumenterer korleis avvika er retta og kva tiltak som er gjennomførte eller planlagde.

Vi ber om at de stiler svarbrev eller e-post (sfvlpost@statsforvalteren.no) til Statsforvaltaren i Vestland.

Gjennomføringa av tiltaka vil bli følgd opp ved neste tilsyn.

4. Pålegg om opplysningar

Framo Flatøy AS må sende følgjande opplysningar til Statsforvaltaren i Vestland innan 1. oktober 2023, sjå fleire kommentarar under punkt 10:

- Informasjon om bruk av verksemda sitt fosfateringsbad med dokumentasjon på kjemikaliebruk og eventuelle utslepp, i tillegg til informasjon om korleis avfall blir handtert i samband med bruk av badet.
- Informasjon om alle utslepp til vatn frå verksemda, som inneheld olje og andre miljøgifter

Pålegget er gitt med heimel i forureiningslova § 49.

Klagerett

De har rett til å klage på pålegg om opplysningar dersom de meiner at de ikkje har plikt eller løyve til å gi slike opplysningar. Ein klage bør grunngjevast, og han skal sendast til Statsforvaltaren i Vestland seinast **tre dagar** etter at denne rapporten er motteken, jf. forvaltningslova § 14. Ein klage kan vere både skriftleg og munnleg.

5. Varsel om pålegg om granskingar

Statsforvaltaren varslar at dersom Framo Flatøy AS har utslepp via oljeutskiljarar frå mellom anna testing av pumper, og andre utslepp som kan innehalde olje og andre miljøgifter, vil vi påleggje Framo Flatøy AS å gjere følgjande granskingar innan **1. mars 2024**:

- gjennomføre målingar av både mengde utsleppsvatn og dei komponentane som finns i utsleppa, som går via oljeutskiljarar til sjø. Målingane skal vere gjennomført slik at dei er representative for verksemda sine utslepp.

Pålegget vert gitt med heimel i forureiningslova § 51.

De har høve til å kome med merknader til dette varselet. Eventuelle merknader må sendast til Statsforvaltaren i Vestland innan to veker etter at denne rapporten er motteken.



6. Vedtak om gebyr

Vi viser til informasjon og varsel om gebyrplikt som vart gitt til verksemda den 10. februar 2022. Verksemda skal betale gebyr for kontrollar utførte av Statsforvaltaren i samsvar med § 39-3 i forureiningsforskrifta. Gebyret skal dekke kostnader med førebuing, gjennomføring og oppfølging av kontrollen. Gebyrsatsar for kontroll av verksemda etter forureiningslova er fastsette i forureiningsforskrifta §§ 39-7 og 39-8.

På bakgrunn av forventa ressursbruk må Framo Flatøy AS betale eit gebyr på kr 22 500,- for inspeksjonen, jf. forureiningsforskrifta § 39-7. Dette svarer til gebyrsats 3 for tilsyn av inntil ein dag. Miljødirektoratet vil sende dykk ein faktura for innbetaling til statskassa. Statsforvaltaren viser elles til forureiningsforskrifta kapittel 39 om innkrevjing av gebyr til statskassa.

Klagerett

Vedtaket om gebyr kan klagast på til Miljødirektoratet innan tre veker, jf. §§ 28 og 29 i forvaltningslova. Ein eventuell klage bør vere skriftleg grunngjeven og adressert til Miljødirektoratet, men han skal sendast via Statsforvaltaren i Vestland. Statsforvaltaren vil vurdere endring av vedtaket eller sende saka vidare til Miljødirektoratet for endeleg vedtak. Gebyret som er fastsett ovanfor, må likevel betalast inn. Dersom Miljødirektoratet tek klagen til følge, vil for mykje innbetalt beløp bli refundert.

7. Innsyn

Denne rapporten vil vere offentleg tilgjengeleg via postjournalen til Statsforvaltaren i Vestland (jf. offentleglova) og nettstaden Norske Utslipp, www.norskeutslipp.no.

8. Avvik

Vi avdekka følgjande avvik under inspeksjonen:

Avvik 1:

Verksemdas risikovurdering omfattar ikkje alle uønskte hendingar som er relevante for ytre miljø

Avvik frå:

- Internkontrollforskrifta § 5 punkt 6
- Utsleppsløyve punkt 10.1 Miljørisikoanalyse

Kommentarar til regelverket

Verksemda skal kartleggje farar og problem og på bakgrunn av dette vurdere risiko og utarbeide tilhøyrande planar og gjennomføre tiltak for å redusere risikotilhøva.

Observasjonar

Risikovurdering manglar for følgjande tema:

Lagring av kjemikalium i konteinar med tanke på truckkøyning når dørene i kontainaren står opne. Konteinarane har oppsamlingsarrangement for eventuelt søl/ lekkasje, men når dørene er opne, og ved ei eventuell påkjørsel med truck, kan det oppstå skade på emballasjen som inneheld flytande kjemikalier. Kjemikaliane vil kunne sprute ut, utanfor sjølve kontainaren, og dermed ikkje treffe oppsamlingskaret.



Lagring av IBC-tankar med hydrogenperoksid, H₂O₂ i eige bod var ikkje med i risikovurderinga.

Lagring av flytande farleg avfall i bod, var ikkje risikovurdert. Ved uhell, vil avfallet kunne renne ut, fordi det ikkje var oppsamlingsarrangement i boden og ein eventuell væskelekkasje vil kunne renne ut av boden, fordi det ikkje var høgdeforskjell mellom golv i bod og asfaltert dekke utandørs.

Verksemnda hadde lagra fleire oljefat i hall der dei testar pumper. Truckar blei brukt mellom anna for å flytte rundt på gods og oljefat. Det blei opplyst at det ikkje var vanleg å ha så mykje olje i hallen på same tid. Lagringa var ikkje risikovurdert.

Risikovurderinga bør omfatte alle dei områda i verksemnda som kan ha risiko for utslepp til ytre miljø, både til luft og vatn.

Avvik 2:

Verksemnda måler ikkje alle utsleppa som går til sjø via oljeutskiljarar

Avvik frå:

- Utsleppsløyvet Punkt 11.1 Kartlegging av utslepp
- Utsleppsløyvet Punkt 11.2 Utsleppskontroll
- Utsleppsløyvet Punkt 11.3 Kvalitetssikring av målingane
- Utsleppsløyvet Punkt 11.4 Program for utsleppskontroll

Krav i løyvet

Punkt 11.1 Kartlegging av utslepp

Framo Flatøy AS plikter systematisk å kartlegge verksemdas utslepp til luft og vatn. Dette gjeld både diffuse utslepp og punktutslepp. Kartlegginga skal liggje til grunn for å utarbeide program for utsleppskontroll, tidlegare kalla måleprogram, (punkt 11.4).

Punkt 11.2 Utsleppskontroll

Verksemnda skal kontrollere og dokumentere utslepp til luft og vatn ved å gjennomføre målingar. Målingar er omfatta av volumstrømsmåling, prøvetaking, analyse og berekning. Målingar skal utførast slik at dei blir representative for verksemnda sine faktiske utslepp og skal som eit minimum omfatte komponentar som er regulert gjennom grenseverdiar i løyvet eller i forskrifter. I tillegg skal målingane også omfatte andre komponentar som er omfatta av rapporteringsplikta i samsvar med Miljødirektoratet sin rettleiar til verksemdas eigenkontrollrapportering, M 112.

<https://www.miljodirektoratet.no/globalassets/publikasjoner/m112/m112.pdf>

Punkt 11.3 Kvalitetssikring av målingane

Verksemnda er ansvarleg for at måleutstyr, metodar og gjennomføring av målingane er forsvarleg kvalitetssikra mellom anna ved å utføre målingane etter Norsk Standard. Dersom det ikkje finst, kan internasjonal standard nyttast. Verksemnda må bruke akkrediterte laboratorium/tenester når volumstrømmåling, prøvetaking og analyse blir utført av eksterne. Tenesteytaren skal vere akkreditert for den aktuelle tenesta, dersom slik tenesteytar finst. Framo Flatøy AS må jamleg vurdere om plassering av prøvetakingspunkt, val av prøvetakingsmetodar og - frekvensar gir representative prøver.



Punkt 11.4 Program for utsleppskontroll

Verksemda skal ha eit program for utsleppskontroll som inngår i verksemdas dokumenterte internkontroll. I programmet skal verksemda greie ut om utslepp som er kartlagde (punkt 11.1 første ledd), gjennomføring av utsleppskontrollen (punkt 11.2) og kvalitetssikring av målingane (punkt 11.3)

Programmet for utsleppskontroll vere oppdatert og skal innehalde:

- ei utgreiing av dei faktiske utsleppa verksemda har til luft, vatn, og støy, med ei oversikt over volum og innhald i alle utsleppstraumar, til luft og vatn
- ein omtale av dei ulike trinna i målingane (volumstraumsmåling – prøvetaking – analyse – berekning) for kvar straum og komponent
- ein omtale av måleutstyr som blir brukt til målingar, og frekvensar for kontroll og kalibrering av måleutstyret
- ei grunngiving for val av prøvetakingspunkt og prøvetakingsmetodikkar (metodar og frekvens)
- ein omtale av valde metodar/standardar for analyse
- dersom det er aktuelt, ei grunngiving for valt frekvens for deltaking i SLP og/eller verifisering av analyser med eit akkreditert laboratorium
- ei utgreiing av kva usikkerheitsbidrag dei ulike trinna gir

For utslepp av komponentar som er regulert i løyvet, skal verksemda årleg gjennomføre ei fagleg grunngjeve vurdering av utsleppsmengd og rapportere dette i samsvar med punkt 11.5 i løyvet. For utslepp av flussyre, HF og salpetersyre, HNO₃ til luft, skal verksemda årleg gjennomføre ei fagleg vurdering av utsleppsmengde og rapportere dette i tråd med punkt 11.5 i løyvet.

Verksemda skal ha kontroll på alle utslepp til vatn og til luft frå verksemda. Dette gjeld også utslepp til vatn frå testing av pumper som går via oljeutskiljarar. Sjå meir informasjon i punkt 10.

Observasjonar:

Ferskvatn er brukt til testing av pumper og prosessvatnet vert ein gong om året sloppe til oljeutskiljarar, etter at oljelaget på toppen av karet er skimma av. Framo Flatøy AS tek ikkje prøver av desse utsleppa.

Måleprogram for utslepp til vatn frå alle verksemda sine oljeutskiljarar, som er nytta for utslepp frå verksemda, kunne ikkje visast fram ved tilsynet.

9. Merknader

Vi gav ingen merknader under inspeksjonen.

10. Andre forhold

Verksemda opplyste at dei har eit fosfateringsbad, men at det ikkje er mykje i bruk. Fosfatering er ein kjemisk overflatebehandling av metall, særleg for jern og stål, men også sink, kadmium og aluminium. Fosfatering består i at materialet blir dyppa i fosfateringsvæske, som er ei løysning av jern-, sink- eller manganfosfat med fri fosforsyre, eller at fosfateringsvæske blir sprøyta på godset. Tungtløseleg fosfat vert dermed danna på overflaten. Dette gjev god festeevne og tener som eit delvis korrosjonsbestandig underlag for maling og lakk. Ved hol i maling- eller lakksjiktet hindrar



denne behandlinga underrusting. Denne prosessen blei det ikkje opplyst om då Statsforvaltaren endra verksemda sitt løyve i 2019. Sjå også punkt 4.

Utslepp frå testing av pumper blir ført til to oljeutskiljarar, OU 1 og OU 5. Vi vil registrere desse to oljeutskiljarane i vårt system, slik at verksemda kan rapportere utslepp frå begge oljeutskiljarane ved neste rapportering via Altinn med frist 1. mars 2024.

Oljeutskiljarar er regulert ved forureiningsforskrifta kapittel 15. Krav til utslipp av oljeholdig avløpsvann. Kapittel 15 gjeld derimot ikkje for Framo Flatøy AS. Utslepp frå Framo Flatøy AS skal regulerast i løyve etter forureiningslova. Det er berre verksemd som er skissert under § 15-1 som er omfatta av kapittel 15 i forskrifta. Her finn er informasjon om oljeutskiljaranlegg: (NORVAR-rapport 156/2007 Veiledning for oljeutskilleranlegg):

<https://www.tjenestekatalog.no/vis/19273850/Veiledning%20for%20oljeutskilleranlegg%20NORVAR-rapport.pdf>

Tilstandsrapport

Framo Flatøy AS er omfatta av forureiningsforskrifta kapittel 36, vedlegg 1 og skal dermed ifølgje forureiningsforskrifta kapittel 36- 21, 22 og sende inn tilstandsrapport for forureina grunn og grunnvatn. Verksemda har i 2002 fått utarbeidd ein tilstandsrapport. Vi ber om at verksemda sender denne rapporten til Statsforvaltaren.

Framo Flatøy AS har opplyst at dei har planer om å byggje om på eigedomen. Arbeidet med overflatebehandling ved bruk av beisebad, vil dermed bli flytta til eit anna område. I samband med dette arbeidet, vil det bli gjennomført grunnundersøkingar for å kartleggje om grunnen kan vere forureina på grunn av prosessane med overflatebehandlinga.

Rettleiar til Miljødirektoratet sine sider om tilstandsrapport for industriområde:

<https://www.miljodirektoratet.no/ansvarsomrader/forurensning/industri/for-naringsliv/veileder-tilstandsrapport-for-industriomrader/>

Industriutslippsdirektivet (IED)¹

Framo Flatøy AS si verksemd er omfatta av EUs industriutslippsdirektiv (IED). Direktivet regulerer utslepp frå einssilde verksemder gjennom å greie ut om beste tilgjengelege teknikkar (BAT) i BAT-referansedokument, BREF.

EU sitt industriutslippsdirektiv er implementert i mellom anna forureiningsforskrifta kapittel 36 om behandling av løyve etter forureiningslova gjennom EØS-avtalen.

Statsforvaltaren har plikt til å sørgje for at verksemder som er omfatta av IED blir regulert med utgangspunkt i det som blir rekna som BAT for den aktuelle bransjen, med eventuelle tilhøyrande forpliktande utsleppsnivå (BAT-AEL). Dette kravet går fram av IED art. 15 nr. 3 og forureiningsforskrifta § 36-15 første ledd.

Vedlegg I til forureiningsforskrifta kapittel 36 viser oversikt over type verksemd som er omfatta av IED og dermed også forureiningsforskrifta § 36-1 andre ledd:

Framo Flatøy AS er omfatta av:

¹ EU Directive on industrial emissions (integrated pollution prevention and control)



- Punkt «2.6. Overflatebehandling av metaller og plast ved hjelp av en elektrolytisk eller kjemisk prosess når behandlingsbadene har et volum på over 30 m³».

Dei ulike BREF-dokumenta til IED-direktivet med tilhøyrande BAT-konklusjonar finn de her:

<https://eippcb.jrc.ec.europa.eu/reference/>.

Framo Flatøy AS er omfatta av BREF-dokumentet for «Surface Treatment Of Metals and Plastics».

Informasjon om revideringar av BREF- dokument

Surface Treatment Of Metals and Plastics, STM- BREF er under revidering. Les meir om revideringa i rapport frå Kick-off møtet 30. mai til 7. juni 2022 som er vedlegg til rapporten.

Når nytt BREF-dokument med nye BAT-konklusjonar er vedteke, må utslippsløynet endrast slik at det er i samsvar med dei nye krava. Fristen for å endre løynet er fire år. Verksemda vil då få eit pålegg frå Statsforvaltaren om å greie ut om si verksemd mot dei ulike BAT-konklusjonane.

BREF for Ferrous Metals Processing Industry

Dersom det er aktuelt, oppmodar vi verksemda til også å sjå på BREFet som blei publisert med BAT-AEL konklusjonar den 12. desember 2022:

Best Available Techniques (BAT) Reference Dokument for ferrous Metals Processing Industry, FMP-BREF: <https://publications.jrc.ec.europa.eu/repository/handle/JRC131649>

Vi ber om at Framo Flatøy AS sender melding til Statsforvaltaren om BREFet gjeld, eller ikkje gjeld for verksemda.

Forureiningsforskrifta kapittel 27

Forureiningsforskrifta kapittel 27 er endra og endringane trådde i kraft 1. juli 2022.

Formålet med reglane i dette kapittelet er å avgrense utslipp av svoveldioksid (SO₂), nitrogenoksider (NO_x), karbonmonooksid (CO) og støv til luft frå mellomstore forbrenningsanlegg, og dermed redusere risiko for skade på helse og miljø frå slike utslipp.

Oljefyringsanlegget til Framo Flatøy AS er omfatta av kapittel 27. I samband med endringa av forskrifta skal alle forbrenningsanlegg sende inn meldeskjema om eige verksemd, sjå forureiningsforskrifta § 27-4. Dette gjeld også for forbrenningsanlegg som er etablert før 20. desember 2021. Dersom forbrenningsanlegget har nominell tilført termisk effekt til og med 5 MW, må meldeskjema sendast til Statsforvaltaren innan 1. oktober 2028. Det er mogleg å sende inn meldeskjema allereie i dag, sjølv om fristen ikkje går ut før i 2028.

Rettleiar til forskrifta finn de her:

<https://www.miljodirektoratet.no/ansvarsomrader/forurensning/industri/for-naringsliv/utslipp-til-luft-fra-mellomstore-forbrenningsanlegg/>

Meldeskjema finn der her:

<https://www.miljodirektoratet.no/ansvarsomrader/forurensning/industri/for-naringsliv/utslipp-til-luft-fra-mellomstore-forbrenningsanlegg/meldeplikt-og-soknad-om-tillatelse/dette-skal-meldingen-inneholde/>

Forureiningsforskrifta kapittel 9

Miljødirektoratet er forureiningsmynde for VOC-forskrifta, kapittel 9 i forureiningsforskrifta.



Framo Flatøy AS har utslepp av flyktige organiske sambindingar (VOC) på grunn av bruk av organiske løysemiddel. Dersom forureiningsforskrifta kapittel 9 gjeld for verksemda, må meldeskjema sendast til Miljødirektoratet. For å finne ut om verksemda er omfatta av dette regelverket og meldeskjema dermed skal sendast inn, må ein først gjennomføre målingar av utsleppa, jf. forureiningsforskrifta kapittel 9, Vedlegg 1.

Terskelverdiane som måleresultata skal samanliknast med er å finne i forureiningsforskrifta kapittel 9, Vedlegg 2. Utslepp frå verksemdar som driv med kjemisk/elektrolytisk overflatebehandling vil kunne vere omfatta av punkt 8 i Vedlegg II A til forskrifta. Dette gjeld ikkje for verksemd som påfører metall ved elektroforese eller kjemisk sprøyting.

Dersom forbruk av løysemiddel er mellom 5 og 15 tonn per år, må verksemda overhalde følgjande grenseverdier:

- 100 mg/Nm³ for punktutslepp.
- maks 20 % av utsleppa kan gå som diffuse utslepp

Dersom forbruk av løysemiddel er over 15 tonn per år, må verksemda overhalde følgjande grenseverdier:

- punktutslepp inntil 50 mg/Nm³ for tørkeprosessar
- 75 mg/Nm³ for prosessar der ein dekker metallet med maling
- maks 20 % av utsleppa kan gå som diffuse utslepp.
- «særlige bestemmelser» i kolonnen til høgre i Vedlegg II A må også vurderast

Her finn de meir informasjon og meldeskjema:

<https://www.miljodirektoratet.no/ansvarsomrader/forurensning/industri/for-naringsliv/voc-utslipp/>

11. Dokumentunderlag

Lovgrunnlaget for inspeksjonen var:

- Lov om vern mot forurensninger og om avfall (forureiningslova)
- Lov om kontroll med produkter og forbrukertjenester (produktkontrolllova) §§ 3 og 3a
- Forskrift om begrenning av forurensning (forurensningsforskrifta)
- Forskrift om gjenvinning og behandling av avfall (avfallsforskrifta)
- Forskrift om systematisk helse-, miljø- og sikkerhetsarbeid i virksomheter (internkontrollforskrifta)
- Løyve til verksemd etter forureiningslova frå Statsforvaltaren